



## Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/922-16

Sakshandsamar: Knut Erik Paulsen

### Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Formannskap	13.05.2026	35/26

## Høyring av nye føresegner for å få høve til å etablere datasenter i områdereguleringsplan for Dalen

Saksframlegg godkjent 06.05.2026.

Åge Verpe

Kommunedirektør

### Vedlegg

- 1 Forslag til føresegner for næringsområde i områderegulering Dalen med datasenter
- 2 NÆ1-4-Vistadmoen
- 3 NÆ11-Haugsevje
- 4 Plankart - Austre del
- 5 Plankart - Vestre del

### Bakgrunn for saka

Det er fleire selskap som har vist interesse for å etablere datasenter på Dalen. Det er tydeleg at Dalen er ein godt eigna stad for den type næring på grunn av god kraftproduksjon og nærheit til kraft og fiberkabel som gjev god tilgang til internett og verda.

I samband med dette så ynskjer vi å legge ut områdereguleringsplanen ut på ei høyring for å utdjupe kor ein kan ha datasenter og korleis innverknader dette vår på omgjevnadane på Dalen. Det er fem næringsområde i forslag til områdereguleringsplanen som er aktuelle for denne type verksemd. Det er område

NÆ1-NÆ4 på Vistadmoen og område NÆ11 på Haugsevje som er aktuelle for datasenter i framtida slik vi har vurdert situasjonen no.

Vi har laga eit sett med føresegner som tydeleggjer kva ein må gjere for å få datasenter på desse områda. Det er særleg volum og storleik på bygningane og støy for omgjevnadene som er viktig å ha fokus på.

Formannskapet avgjer no om vi skal gjere denne for å tydeleggjere temaet «datasenter» i forslaget til områderegulering for Dalen.

### **Saksutgreiing**

Etablering av datasenter kan ha store konsekvensar for lokalsamfunnet på Dalen og i Tokke. Det er ofte store bygningar og det kan vere ulemper for omgjevnadene i form av støy og anna forureining.

Det er viktig å tenkje på at dette kan bli bygg på opptil 15-20 meter, og ein kan få bygg på mange tusen kvadratmeter.

Det er avgjerande for støynivået for omgjevnadene kva for ein kjølemetode ein brukar. Kjøling til luft er nokså støyande, medan kjøling til vatn er svært lite støyande.

Det positive med denne verksemda er at det genererer mange arbeidsplassar særleg under utbygginga, men og i driftsfasen. Det er viktig for Tokke og Vest-Telemark at ein kan utnytte dette for ei god utvikling av lokalsamfunna.

Det blir mykje spillvarme eller overskotsenergi frå eit datasenter. Det er svært viktig å utnytte dette lokalt og ikkje berre sleppe det rett ut i lufta. Ein må utgreie om det er mogleg å lage sekunderverksemdar som kan basere sin produksjon på denne restenergien. Døme på slike verksemdar er verksemdar som treng varme til sin produksjon. Det kan vere ulike produksjonar innan landbruk som kylling, oppdrett av fisk eller skaldyr og det kan brukast som oppvarmingskjelde. Det kan vere alt frå badebasseng til oppvarming av hus og offentlege bygg.

### **Konklusjon**

Kommunedirektøren skjønner at Dalen er ein attraktiv stad for etablering av datasenter. Det er derfor viktig å legge til rette for etablering av denne næringa og fylgje med på utviklinga i samfunnet. Men det er særst viktig å hauste av desse etableringane til fordel for utviklinga av lokalsamfunnet i Tokke. Dette kan gjeve arbeidsplassar og gode ringverknader for Tokke slik at vi prøver å legge til rette for etablering, men samstundes passe på at det ikkje blir store ulemper. Derfor kan det ikkje vere fritt fram på høgder, volum og utforming. Det er og viktig å halde ulempene for omgjevnadene så små som mogleg.

### **Kommunedirektørens tilråding**

Tokke kommune legg ut kart og føresegner for områda NÆ1-14 på høyring for å legge til rette for etablering av datasenter. Høyringsfristen blir sett 15. juni 2026.

## Formannskap si handsaming av sak 35/2026 i møtet den 13.05.2026

### Røysting

#### Tilleggsframlegg frå B. Nes (MDG)

Det er eit krav at verksemda legg fram ein realistisk plan for utnytting av spillvarme.

#### Framlegg frå B. Nes (MDG)

Område NÆ11 Haugsevje vert teke ut som område definert til bruk datasenter.

#### Framlegg frå J. Felland (Sp)

Området på Vistadmoen har høge fjell på mange kanter. Visåskyrkja, Midjåsåsen og Vistadheia ligg alle på mellom 450 til 700 moh. Sønningsåsen er den næraste toppen på om lag 210 meter over havet og ligg om lag 250 til 300 meter unna ei mogleg datasentertomt. Fylkesveg 38 på Vistadmoen ligg på om lag 110 meter over havet. Eit høgt bygg på sørsida av fylkesveg 38 vil i såleis ikkje oppfattast som så dominerande samanlikna med om området rundt var relativt flatt.

Arealet på Vistadmoen er av avgrensa omfang. Det kan difor vere ein fordel å bygge i høgden for å utnytte arealet mest mogleg effektivt.

Ved å kome med framlegg til auka byggehøgde tidleg i prosessen vil innbyggjarar i høyringsfasen få høve til å uttale seg innan høyringsfristen. Det vil vera Tokke kommunestyre som tek endeleg avgjerd.

Byggehøgde for datasenter på Vistadmoen sør for fv. 38, næringsareal NÆ-2, blir sett til 20-25 meter pluss tekniske installasjonar.

#### Framlegg frå J. Felland (Sp)

For område NÆ 5-11 skal møne- og/eller gesimshøgde ikkje overstige 12 meter.

Tilleggsframlegg frå B. Nes (MDG)	
FOR 5	MOT 2
<b>Arbeiderpartiet (2/2)</b> Mette Lillegård Solbjørg Frantzen <b>Miljøpartiet Dei Grøne (1/1)</b> Benedikte Nes <b>Senterpartiet (1/2)</b> Camilla Lagergren Knudsen	<b>Senterpartiet (1/2)</b> Jarand Felland <b>Fremskrittspartiet (1/1)</b> Stål Inge Gjetmundsen

<b>Kristeleg Folkeparti (1/1)</b> Signe Marie F. Stenseth	
--------------------------------------------------------------	--

<b>Kommunedirektørens tilråding</b>	Samrøystes vedteke
-------------------------------------	--------------------

<b>Framlegg frå B. Nes (MDG)</b>	
<b>FOR 6</b>	<b>MOT 1</b>
<b>Senterpartiet (2/2)</b> Camilla Lagergren Knudsen Jarand Felland <b>Miljøpartiet Dei Grøne (1/1)</b> Benedikte Nes <b>Arbeiderpartiet (1/2)</b> Mette Lillegård <b>Kristeleg Folkeparti (1/1)</b> Signe Marie F. Stenseth <b>Fremskrittspartiet (1/1)</b> Stål Inge Gjetmundsen	<b>Arbeiderpartiet (1/2)</b> Solbjørg Frantzen

<b>Framlegg frå J. Felland (Sp)</b>	
<b>FOR 5</b>	<b>MOT 2</b>
<b>Miljøpartiet Dei Grøne (1/1)</b> Benedikte Nes <b>Senterpartiet (2/2)</b> Camilla Lagergren Knudsen (sett manuelt av Camilla Lagergren Knudsen) Jarand Felland (sett manuelt av Jarand Felland) <b>Kristeleg Folkeparti (1/1)</b> Signe Marie F. Stenseth <b>Fremskrittspartiet (1/1)</b> Stål Inge Gjetmundsen	<b>Arbeiderpartiet (2/2)</b> Mette Lillegård Solbjørg Frantzen

<b>Framlegg frå J. Felland (Sp)</b>	Samrøystes vedteke
-------------------------------------	--------------------

**Vedtak**

1. Tokke kommune legg ut kart og føresegner for områda NÆ1-14 på høyring for å legge til rette for etablering av datasenter. Høyringsfristen blir sett 15. juni 2026.
  2. Det er eit krav at verksemda legg fram ein realistisk plan for utnytting av spillvarme.
  3. Område NÆ11 Haugsevje vert teke ut som område definert til bruk datasenter.
  4. Området på Vistadmoen har høge fjell på mange kanter. Visåskyrkja, Midjåsåsen og Vistadheia ligg alle på mellom 450 til 700 moh. Sønningsåsen er den næraste toppen på om lag 210 meter over havet og ligg om lag 250 til 300 meter unna ei mogleg datasentertomt. Fylkesveg 38 på Vistadmoen ligg på om lag 110 meter over havet. Eit høgt bygg på sørsida av fylkesveg 38 vil i såleis ikkje oppfattast som så dominerande samanlikna med om området rundt var relativt flatt.  
Arealet på Vistadmoen er av avgrensa omfang. Det kan difor vere ein fordel å bygge i høgden for å utnytte arealet mest mogleg effektivt.  
Ved å kome med framlegg til auka byggehøgde tidleg i prosessen vil innbyggjarar i høyringsfasen få høve til å uttale seg innan høyringsfristen. Det vil vera Tokke kommunestyre som tek endeleg avgjerd.  
Byggehøgde for datasenter på Vistadmoen sør for fv. 38, næringsareal NÆ-2, blir sett til 20-25 meter pluss tekniske installasjonar.
  5. For område NÆ 5-11 skal møne- og/eller gesimshøgde ikkje overstige 12 meter.
- 
-